

# Norske pengespel

*Gaming in Norway*

Statistikk over norske  
pengespel og lotteri

*Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority*

2 0 0 1  
2 0 0 2  
2 0 0 3  
2 0 0 4  
2 0 0 5  
2 0 0 6  
2 0 0 7  
2 0 0 8



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Denne statistikken er også tilgjengelig i PDF-format på

**[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)**

# INNHALD

Føreord

4

Samandrag

5

Endring i omsetning

13

Norsk Tipping AS og Extra

15

Norsk Rikstoto

21

Digitale plattformer

24

Bingo

26

Andre lotteri

29

English summary

33

Vedlegg

35

# Mindre pengespelomsetning for tredje år på rad

For tredje år på rad er omsetninga redusert i den regulerte norske pengespelmarknaden. 2008 er det første heile året utan automatomsetning. Dermed gir dei regulatoriske endringane rundt den tidlegare automarknaden også effekt i denne årsstatistikken.

I 2008 satsa nordmenn 19,0 milliardar kroner på dei regulerte pengespela her i landet. Dette er vel 8 milliardar mindre enn i 2007. Spel på internasjonale nettspel er ikkje medrekna i denne statistikken.

I 2008 gjekk 11,1 milliardar kroner tilbake til spelarane i form av gevinstar. Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjør dermed 7,9 milliardar kroner.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann nær 4 000 kroner på lovlege pengespel i 2008, ein reduksjon frå året før på om lag 1 800 kroner. Når vi tek omsyn til gevinstane, har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen om lag mellom 1 600 og 1 700 kroner. Dette tilsvarer 0,8 % av husstanden si disponible inntekt.

Ei rekkje lag og organisasjonar har inntekter frå spel og lotteri, og gode føremål fekk 4,3 milliardar kroner frå slike kjelder i 2008. I høve til året før er dette ein reduksjon på om lag ein halv milliard kroner. Størstedelen av formålsinntektene (vel 2,8 milliardar) kom frå Norsk Tipping sine spel. Det er automatforbodet som også er årsaka til inntektsreduksjonen.

Delar av Norsk Tipping sitt overskot for 2008 har også gått til å kompensere for tapte automatinntekter. Saman med 502 millionar frå Norsk Tipping sitt investeringsfond vart 423 millionar av 2008-overskotet stilt til disposisjon for denne kompensasjonen.

For entreprenørbingo, Norsk Rikstoto og Extra har vi sett auke i omsetninga både i 2007 og i 2008. Ein del av denne auken kan skuldast at automatane vart fjerna frå marknaden i 2007.

Når det gjeld nordmenn sitt spel på utanlandske internettsider har vi i 2008 sett ein tendens til at tidlegare års vekst har flata ut. Kwart år gjennomfører Lotteritilsynet målingar om nordmenn si speling på Internett. For 2008 har vi berekna at om lag 259 000 nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel. Vi reknar med at satsa beløp på utanlandske nettstader ikkje er særleg endra frå 2007, og at det vart satsa mellom 6 og 7 milliardar også i 2008.

Vi vil som vanleg takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for samarbeidet i samband med statistikkarbeidet vårt. Utan velviljen frå desse ville vi ikkje fått fram det datamaterialet som er naudsynt for å kunne utarbeide denne statistikken.

*Førde, desember 2009*

*Atle Hamar  
direktør*

# 1. Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2008 omsett for 19,0 milliardar kroner. Av dette gjekk 11,1 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 7,9 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2008

År 2008	Millionar	
	NOK	EUR <sup>1</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	18 980	2 309
Gevinst	11 101	1 351
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	7 879	959

År 2008	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>2</sup>	3 981	484	1 652	201
Per innbyggjar 15 år og eldre	4 919	598	2 042	248
Per husstand <sup>3</sup>	8 757	1 065	3 635	442
Prosent av disponibel inntekt <sup>4</sup>	1,93 %		0,80 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 3 981 kroner i 2008.

Dette er om lag 1 800 kroner lågare enn i 2007 då tilsvarande beløp var kroner 5 813 per person.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2008 ha lagt igjen 1 652 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjør dette 0,80 %. Tilsvarande prosent i 2007 var 1,01 %.

<sup>1</sup> Middelskurs 2008 frå Norges Bank 8,2194.

<sup>2</sup> Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 1/1-2008 og 1/1-2009.

<sup>3</sup> Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (Statistisk årbok (SSB)).

<sup>4</sup> Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 982 135 millionar kroner.

### Brutto omsetning i 2008



I 2008 spelte nordmenn for 19,0 milliardar kroner. 2008 er det første heile året der gevinstautomatar ikkje lenger var utplasserte. Diagrammet viser kor dominerande automatane var tidlegare. Frå 2008 har nordmenn satsa 9,6 milliardar på Norsk Tipping sine spel. I tillegg nærare ein milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for om lag 3,7 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på nær 4,2 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, nær 4 milliardar inkludert sidespel i bingo (elektroniske<sup>5</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 230 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier som hadde størst omsetning, 396 millionar kroner. For lokale og regionale lotteri<sup>6</sup> estimerer vi omsetninga til 110 millionar kroner.


Samla brutto omsetning er redusert frå 27,4 milliardar kroner i 2007. Dette er det tredje året der den samla omsetninga i marknaden er redusert. Diagrammet syner omsetninga tilbake til 2004, og då ser vi at endringane heile tida har vore størst for automatane som vart fjerna frå marknaden i slutten av juni månad i 2007.

2008 er det første året utan omsetning i det heile frå dei tidlegare gevinstautomatane.

<sup>5</sup> Bingoautomatar og databingo.

<sup>6</sup> Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna.

## Samandrag



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til saman 70 % av marknaden. Tilsvarande marknadsdel i 2007 var 46 % og 30 % i 2006.

### Gevinstar og pengepremiar i 2008

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	9 612	5 131	4 481	53 %
Norsk Rikstoto	3 710	2 496	1 214	67 %
Extra – stiftelsen Helse og Rehabilitering	967	483	483	50 %
Bingo med entreprenør*	3 955	2 757	1 199	70 %
Landslotteri	396	74	322	19 %
Bingo utan entreprenør**	230	140	90	61 %
Lokale/regionale lotteri**	110	20	90	18 %
<b>Totalt</b>	<b>18 980</b>	<b>11 101</b>	<b>7 879</b>	<b>58 %</b>

\*) For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

\*\*) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på eit utval av rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 11,1 milliardar kroner av innsatsen på 19,0 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent mest tilbake frå entreprenørbingo (70 %) og Norsk Rikstoto (67 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapan (m.a. pga oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapan).

## Samandrag

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2008



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (57 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto hadde til saman 72 % av marknaden i 2008. I 2007 var deira samla marknadsdel 59 %, mot 46 % i 2006.

### Fordeling til formål og administrative kostnader i 2008

	Netto omsetning		Formål		Administrative kostnader	
	Mill kr	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	
Norsk Tipping	4 481	2 844	63 %	1 637	37 %	
Norsk Rikstoto	1 214	579	48 %	635	52 %	
Extra	483	241	50 %	152	31 %	
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		91	19 %			
Bingo med entreprenør	1 199	313	26 %	885	74 %	
Landslotteri	322	109	34 %	214	66 %	
Bingo utan entreprenør	90	60*	67 %	30*	33 %	
Lokale/regionale lotteri	90	80*	89 %	10*	11 %	
Totalt	7 879	4 317	55 %	3 563	45 %	

\*) Estimerte og avrunda beløp

4,3 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (over 2,8 mrd) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (63 %). Frå Norsk Rikstoto kom der 579 millionar til formåla.




## Samandrag

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo og landslotteri utgjorde formåla sine inntekter høvesvis om lag ein fjerdepart og ein tredjepart av netto omsetning.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 313 millionar, eller 26 %. Dette er ein auke frå 2007 då formålets inntekter utgjorde 207 millionar eller 24 %.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.



Administrative kostnader utgjorde nærare 3,6 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (1,64 mrd) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (37 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,89 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,64 mrd).

Kostnadar til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osv.

Netto omsetning i 2008 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill kr	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnehavar		Prosent av netto omsetning
		Mill kr	Prosent	
Norsk Tipping	4 481	644	14 %	
Extra	483	69	14 %	
Norsk Rikstoto	1 214	205	17 %	
Totalt	6 178	917	15 %	

Frå desse spela gjekk det 917 millionar til kommisjonærar og lokalinnehavarar.

<sup>7</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

## Samandrag

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra.

Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 27 % av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der nær 9 % av innsatsen kom via Internett.

### Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar i 2008

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2008	Mill kr	Prosent
Idrett	1 448	34 % *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 250	29 %
Musikk / kultur / fritid	64	1,5 % *
Hest / hestesport	579	13 %
Helse	314	7 % *
Humanitær	52	1,2 % *
Diverse	34	0,8 % *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	140	3 %
Overgangs-/kompensasjonsmidlar	423	10 %
Tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd	12	0,3 %
<b>Totalt</b>	<b>4 317</b>	<b>100 %</b>

\*) I tillegg får formåla delar av 140 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 %).

#### Idrett (1 448 millionar \*)

Her inngår delar av overskotet frå Norsk Tipping (1 250 mill), entreprenørbingo (160 mill) og frå landslotteri (38 mill). Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo og lotteri er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

#### Kultur og fritid (1 314 millionar \*)

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (833 mill) eller som løyving frå regjeringa (417 mill).

I tillegg er det om lag 64 millionar i inntekt frå andre typar spel og lotteri, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (entreprenørbingo 58 mill og landslotteri 6 mill). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

#### Hest/hestesport (579 millionar)

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

#### Helse (314 millionar \*)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund. 241 mill som stiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngår 40 mill frå landslotteri og 34 mill frå entreprenørbingo. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

#### Humanitær (52 millionar \*)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå landslotteri med 14 mill og entreprenørbingo med 39 mill. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

## Samandrag

### Diverse organisasjonar (34 millionar \*)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (22 mill) og landslotteri (12 mill).

### Tiltak vedk. uheldig speleåtferd (12 millionar)


Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å forebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven spelning.

### Uspesifiserte inntekter (140 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (60 mill) og lokale/regionale lotteri (80 mill). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at i overkant av 30 millionar av dette er inntekt for lokalradio og –TV.

### Overgangs- og kompensasjonsmidlar (423 millionar)

I 2009 vart det utbetalt kompensasjon til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som tidlegare hadde hatt automatinntekter. Dette var ein kompensasjon for bortfall av slike inntekter i frå 2. halvår 2007. Totalt vart det for 2009 stilt til disposisjon for utbetaling 925 millionar kroner, der 423 millionar kom frå Norsk Tipping sitt overskot i 2008. Dei resterande 502 millionane kom frå Norsk Tipping sitt investeringsfond<sup>8</sup>.



<sup>8</sup> Sjå mellom anna Norsk Tipping sin års- og samfunnsrapport for 2008, side 7 og 18.

## Samandrag

### Endring frå år 2007

I 2008 fekk formåla 503 millionar kroner mindre enn i 2007.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2007		2008		Endr. frå 2007	
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent
Idrett	1 765	37 %	1 448	34 %	- 316	-18 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 250	26 %	1 250	29 %	0	0 %
Musikk/kultur/fritid	93	2 %	64	1,5 %	- 30	- 32 %
Hest/hestesport	526	11 %	579	13 %	53	10 %
Helse	473	10 %	314	7 %	- 159	- 34 %
Humanitær	390	8 %	52	1,2 %	- 337	- 87 %
Diverse	35	0,7 %	34	0,8 %	- 2	- 4 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	125	3 %	140	3 %	15	12 %
Overgangs-/kompensasjonsmidlar	150	3 %	423	10 %	273	182 %
Tiltak vedkomande uheldig speleåtferd	12	0,2 %	12	0,3 %	0	0 %
Totalt	4 820	100 %	4 317	100 %	- 503	-10 %

Dei fleste kategoriar av formål har reduserte inntekter i 2008 samanlikna med 2007. Totalt er det gått 503 mill mindre til formåla frå pengespelomsetnaden i 2008 enn i 2007. Årsaka er automatforbodet som gjaldt frå 2. halvår 2007. Det er innan formålskategoriene Idrett og Humanitær at reduksjonen har vore størst. Også helseorganisasjonar har fått ein god del mindre inntekter frå 2008-omsetnaden. Det var også desse kategoriene som hadde største automatinntekter.

Kultursektoren har via statsbudsjett og regjering fått same beløp frå tippemidlane i 2008 som i 2007. Tabellen syner elles ein mindre reduksjon for mindre lag og foreiningar innan musikk, kultur og fritid. Reduksjonen skuldast bortfall av automatinntekter. Som i 2007 blir dette bortfallet til ein viss grad motvirka med auka inntekter frå entreprenørbingo.

Hestesporten hadde større inntekter i 2008. Alle inntektene her kjem frå overskotet i Norsk Rikstoto.

423 millionar frå Norsk Tipping sitt overskot i 2008 er nytta som overgangs- eller kompensasjonsmidlar til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som tidlegare hadde automatinntekter. Saman med 502 millionar frå Norsk Tipping sitt investeringsfond vart totalt 925 millionar stilt til disposisjon som kompensasjon for manglande automatinntekter i 2008.

Denne kompensasjonen er nærare spesifisert i del 3 som omhandlar Norsk Tipping sine spel og formål. Her nemner vi likevel at humanitære formål vart kompensert med i alt 395 millionar. Idretten fekk utbetalt 308 millionar i overgangsmidlar i tillegg til den ordinære tildelinga frå 2008-overskotet til Norsk Tipping. Helseorganisasjonar vart i alt kompensert med 201 millionar.

Midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtferd vart første gong fordelt frå Norsk Tipping sitt overskot for 2004. Tildelinga i 2009 kjem frå Norsk Tipping sitt overskot frå 2008.

## 2. Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2008 med åra 2001 til 2007.

### Den norske pengespelmarknaden totalt<sup>9</sup>

Tal i millionar kroner									Endring
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2007 2008
Brutto omsetning (spelt for)	22 411	30 149	37 509	40 827	42 362	38 246	27 372	18 980	-31 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	8 520	9 664	10 926	11 511	11 684	10 935	9 277	7 879	-15 %

Brutto omsetning er i 2008 redusert med 31 % frå 2007. Netto omsetning har hatt ein mindre reduksjon, og dette skuldast bortfall av automatomsetning der gevinstprosenten var høg.

Frå 2006 til 2007 var reduksjonen i brutto omsetning 28 %.

### Norsk Tipping

Tal i millionar kroner									Endring
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2007 2008
Brutto omsetning	7 861	8 940	8 921	8 805	8 433	8 846	9 514	9 612	1 %
Netto omsetning	3 739	4 056	4 140	4 200	3 989	4 131	4 441	4 481	1 %

Omsetninga i 2008 var 1 % større enn i 2007. Auken frå 2006 til 2007 var 8 % målt etter brutto omsetning.

### Extra

Tal i millionar kroner									Endring
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2007 2008
Brutto omsetning	746	794	822	812	771	773	874	967	11 %
Netto omsetning	373	397	411	406	385	386	437	483	11 %

Omsetninga i 2008 har auka med 11 % samanlikna med året før.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner									Endring
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2007 2008
Brutto omsetning	2 626	2 479	2 414	2 623	2 781	2 780	3 163	3 710	17 %
Netto omsetning	888	829	810	902	959	944	1 056	1 214	15 %

Rikstoto sin brutto omsetning har auka med 17 % i høve til 2007. Dette er andre året på rad der Rikstoto har hatt forholdsvis stor auke i omsetninga. Auken frå 2006 til 2007 var 14 %.

### Gevinstautomatar

Tal i millionar kroner									Endring
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2007 2008
Brutto omsetning	8 598	15 426	22 789	26 034	27 754	23 203	10 440	0	-100 %
Netto omsetning	2 546	3 388	4 510	4 961	5 290	4 413	1 982	0	-100 %

Automatane vart fjerna frå marknaden ved utgangen av 1. halvår 2007. Automatomsetninga vart redusert tre år på rad. I 2006 skuldast reduksjonen setelforbodet som vart innført 1. juli. I 2007 var årsaka naturlegvis automatforbodet frå 1. juli. 2008 er første heile året utan automatomsetning.

<sup>9</sup> For perioden 2002 til og med første halvår 2005 var det gitt to prøvekonsejonar for norske spel på elektroniske plattformer. Dette var tivoli.no og SMS.Jackpot. Samla brutto og netto omsetning utgjorde høvesvis: 2002 : 36,4 og 1,8. 2003: 13,0 og 3,0. 2004: 24,3 og 4,0. 2005: 13,6 og 1,9. Alle tal i millionar.

## Endring i omsetning

### Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner									Endring
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2007 2008
Brutto omsetning	1 337	1 590	1 609	1 642	1 732	1 891	2 629	3 955	50 %
Netto omsetning	370	395	411	428	462	559	856	1 199	40 %

Entreprenørbingo har totalt hatt 50 % vekst i brutto omsetning. Veksten er mindre for netto omsetning. Dette heng saman med høgare gevinstprosentar i rapporterte tal. Den store auken skuldast auke i omsetning på bingoautomatar og databingo.

I 2007 var samla vekst for alle spel i entreprenørbingo 39 % for brutto omsetning.

### Landslotteri

Tal i millionar kroner									Endring
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2007 2008
Brutto omsetning	493	454	531	466	508	424	422	396	- 6 %
Netto omsetning	419	387	441	401	416	341	345	322	- 6 %

Landslotteri har i 2008 6 % reduksjon i omsetninga samanlikna med 2007. 2007 var stabilt samanlikna med året før.

### Andre spel/lotteri

Omsetning i 2008 for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

<b>Bingo utan entreprenør</b>	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Tal løyve:	1 500	1 200	1 050	1 100	800	640	710	570
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>10</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	290	320	310	320	250	230	240	230

Totalt syner tal frå lotteriregisteret ein reduksjon i talet lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

<b>Lokale / regionale lotteri</b>	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Tal meldingar motteke	2500	3 000	2 950	3 000	2 900	2 750	2 050	2 610
Tal løyve gitt:	380	170	150	150	150	120	110	100
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>11</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	100	110	100	100	120	100	90	110


På grunnlag av tal meldingar, løyver og rekneskap i 2008 har vi estimert ei høgare omsetning enn i 2007. Talet på registrerte meldingslotteri er også ein god del høgare enn året før.

<sup>10</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill (sjå vedlegg for berekningsmåte)

<sup>11</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill (sjå vedlegg for berekningsmåte)

### 3. Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 9,61 milliardar kroner i 2008. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,97 milliard.<sup>12</sup>



65 % av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno). Legg ein til omsetninga frå Flax, kjem 75 % av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspele Tipping og Oddsen stod for 25 % av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane. I tillegg hadde Norsk Tipping 11,5 millionar i omsetning på Multixterminalane. Denne omsetninga kjem mest frå prøveutplassering frå hausten 2008. Ordinær utplassering starta først i desember 2008.

Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno	6 267,5	65,2 %
Sportsspel:	Tipping og Oddsen	2 415,5	25,1 %
Skrapelodd:	Flax	917,5	9,5 %
Terminalspel:	Multix	11,5	0,1 %
Total brutto omsetning		9 612,0	100 %

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Multix	Totalt
Total brutto omsetning	6 267,5	2 415,5	917,5	11,5	9 612,0
Totalt til gevinst	3 149,2	1 486,6	485,2	10,4	5 131,4
Total netto omsetning	3 118,3	928,8	432,3	1,1	4 480,6
Gevinstprosent	50 %	62 %	53 %	90 %	53 %

<sup>12</sup> Samla omsetning gjennom NT var dermed 10,6 milliardar i 2008.

## Norsk Tipping AS og Extra

---

Totalt gjekk 53 % tilbake til spelar som gevinst. 47 % gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål. Dette er same prosentdelar som i 2007.

Størst gevinstdel ga sportsspel der oddsspela hadde høgaste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstprosent på 67. For den tradisjonelle tippekupongen var gevinstprosenten 50<sup>13</sup> i 2008.

Også talspela (inkl. Extra) har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har auka litt i 2008, frå 3 973 den 1. januar til 4 038 den 31. desember.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettet (8 753 mill, der Multixterminalar utgjer 11,5 mill). I tillegg spelte nordmenn for 858,8 millionar<sup>14</sup> på NT sine egne spel<sup>15</sup> over Internett (420,8 mill på Tipping og Oddsden, og 438,1 mill på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

### Extra – eit spel for stiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av stiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

I 2008 vart det spelt Extra for 967 millionar kroner. Gevinstprosenten er 50.

<b>Omsetning og gevinst</b>	<b>Mill kr</b>	<b>Prosent</b>
Brutto omsetning	966,7	100 %
Til gevinst	483,4	50 %
Netto omsetning	483,4	50 %

Som for Norsk Tipping sine egne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 53,3 millionar av samla innsats via Internett i år 2008.

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

### Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 4 481 millionar kroner.

<b>Fordeling av netto omsetning</b>	<b>Mill kr</b>	<b>Prosent</b>
Til formål	2 843,8	63 %
Til Norsk Tipping AS	992,5	22 %
Til kommisjonær	644,3	14 %
Sum = netto omsetning	4 480,6	100 %

Reell fordeling til formål frå Norsk Tippings omsetning i 2008 var noko høgare enn vist her. Til overskotsformåla gjekk det 2 935 millionar, inklusive 12 mill til tiltak vedkomande uheldig speleåtferd<sup>16</sup>.

Selskapet inntektsfører også operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2008 utgjorde operatørgodtgjersla 91,2 millionar som også inngår i Norsk Tipping si overføring til NT formål.

---

<sup>13</sup> Gevinstprosenten for Tipping er 55 % frå 2009.

<sup>14</sup> Av dette kjem 82,8 millionar frå sal via mobiltelefon.

<sup>15</sup> Extra kjem i tillegg med 53,3 millionar (der 0,8 er via mobiltelefon).

<sup>16</sup> 2 843,8 mill frå egne spel + 91,2 mill frå operatørgodtgjersle Extra.



## Norsk Tipping AS og Extra

Frå Norsk Tipping sine egne spel gjekk 63 % til formåla. I 2007 var denne prosentten 58.

Overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2008 blir utbetalt til formål i 2009. Vi vil nemne at Norsk Tipping i tillegg til overskotet også har betalt ut 502 millionar som er henta frå Norsk Tipping sitt investeringsfond. Total utbetaling i 2009 (finansiert med 2008 overskotet og midlar frå investeringsfond) utgjer dermed kroner 3 437<sup>17</sup> millionar kroner.

### Fordeling til overskotsformål

Som i 2007 vart det også i 2008 i ordinær fordeling fordelt 2 500 millionar kroner til formåla idrett og kultur. 1 250 mill gjekk til idrett og 1 250 mill til kultur. I tillegg vart det fordelt 12 millionar til tiltak i høve til uheldig speleåtfærd og 308 millionar<sup>18</sup> til overgangsmidlar for idretten. Overgangsmidlar skal lette overgangen for idretten etter bortfallet av automatinntekter.

For kultur blei 833 mill tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildeler 417 mill til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 167 mill, *Kulturbygg, møteplassar og formidlingsarenaer for kultur* 125 mill og *Frifondordningen* 125 mill), jf pressemelding frå Kultur- og kirkedepartementet 2. juni 2009.


For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kultur- og kyrkjedepartementet si pressemelding 24. april 2009. Der vart også overgangsmidlane spesifisert.

Tal i millionar kroner	Ordinær tildeling frå 2008- overskotet	Overgangsmidlar	Samla tildeling
Idrettsanlegg	687,6	65,0	752,6
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	354,0	188,0	542,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	125,0	55,0	180,0
Spesielle aktivitetar	47,8		47,8
Forsknings- og utviklingsarbeid	9,7		9,7
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	26,4		26,4
Totalt	1 250,4	308,0	1 558,4

Mykje av idretten sine tippemidlar frå 2008-overskotet og ordinær tildeling gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 55 % og 28 %). Diagrammet på neste side viser prosentvis fordeling.

<sup>17</sup> 1 558 mill til idrett, 1 250 til kultur, 12 millionar til arbeid mot problematisk speleåtfærd og 617 mill til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som hadde inntekter frå gevinstautomatar i 2001 (jf. Norsk Tipping sin årsrapport for 2008, side 7).

<sup>18</sup> Overgangsmidlane til idretten er saman med kompensasjonen til humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar for automatinntekter i 2001 finansiert med midlar frå Norsk Tipping sitt investeringsfond (502 millionar) og frå Norsk Tipping sitt 2008-overskot (422,5 millionar).



### Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine egne spel fekk kommisjonærar 14 % av netto omsetning, i alt 644 millionar i provisjon. Legg ein til til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 713 millionar.

I gjennomsnitt var det 4 006 kommisjonærar<sup>19</sup> i 2008. I snitt hadde kvar kommisjonær ei inntekt på 178 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill kr
NT sin del av inntekt frå egne spel og Extra (til NT's drift)	1 075,5
NT sine samla netto kostnader <sup>20</sup>	1 075,5
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	0,0

Ved slutten av året var det tatt 502 millionar frå investeringsfondet. Tidlegare har det vore halde tilbake midlar til investeringsfondet: 219,0 millionar i 2007, 127,6 i 2006 og 125,1 millionar i 2005.

### Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 483,4 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (stiftelsen Helse og Rehabilitering)	240,5	50 %
Til Norsk Tipping AS	174,3	36 %
Til kommisjonær	68,6	14 %
Sum = netto omsetning	483,4	100 %

Til stiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 240,5 millionar eller 50 % av netto omsetning. Tilsvarende tal i 2007 var 218,6 millionar.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2008 utgjorde dette 91,2 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål. Dette utgjorde 19 % av Extra si netto omsetning.

<sup>19</sup> Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar.

<sup>20</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel.

## Norsk Tipping AS og Extra

### Fordeling til formål i år 2008


Stiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

Stiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 230 millionar fordelt på 611 prosjekt.

Fordeling til formål frå Extra	Mill kr	Prosent
Førebygging	68,0	32,6 %
Forskning	73,5	35,2 %
Rehabilitering	67,3	32,2 %
Sum	208,8	100,0 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	20,9	
Totalt	229,7	


Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2008 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

### Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper år 2008



Totalt 230 mill. kr

### Extraspelets midlar fordelt på helseområde i 2008



Totalt 230 mill. kr

## Norsk Tipping AS og Extra

---

### Nærare om kompensasjons- og overgangsmidlar

Som tidlegare omtalt har Norsk Tipping i 2009 betalt ut overgangsmidlar til idretten og kompensasjon for tapte automatinntekter til humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar.

Totalt er det i 2009 stilt til disposisjon 924,5 millionar. Dette er finansiert frå NT-overskotet i 2008 med 422,5 millionar og 502 millionar frå NT sitt investeringsfond.

Tabellen under viser fordelinga til formål:

Idretten:	308,0 mill
10 H	511,1 mill
Andre organisasjonar	55,6 mill
<hr/> Totalt utbetalt	874,6 mill
Ufordelt beløp overført til tildeling i 2010	49,9 mill
<hr/> Totalt	924,5 mill

### Nærare om postane:

308 millionar til idretten er tidlegare vist i eigen tabell i lag med ordinær tildeling frå NT sitt overskot 2008.

10 organisasjonar som utgjør 10 H fekk totalt utbetalt 511 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjør dette i alt kroner 385 millionar. For 5 helseorganisasjonar 126 millionar.

Norges Røde Kors	215 mill	Kreftforeningen	69 mill
Redningsselskapet	133 mill	Handikapforbundet	20 mill
Norsk Folkehjelp	16 mill	Blindeforbundet	18 mill
Redd Barna	11 mill	Landsf. for hjerte og lungesyke	12 mill
Flyktninghjelpen	10 mill	Nasjonalforeningen for folkehelsen	7 mill


425 andre lag og foreiningar har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 55,6 millionar kroner. Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar.

	tal foreiningar	totalt tildelt
Idrett	45	3,7 mill
Helse	75	18,3 mill
Musikk/kultur/fritid	228	16,2 mill
Humanitær	55	10,4 mill
Diverse	22	7,0 mill
<hr/> Total	425	55,6 mill

Fordelinga som er vist her inngår ikkje i samleoppstillingar for korleis spel- og lotteriinntekter frå 2008 fordelar seg på kategoriar av formål. Under halvparten av samla tildeling kjem frå 2008-overskotet. Det meste kjem frå NT sitt investeringsfond og dermed tidlegare års omsetning hos Norsk Tipping.

## 4. Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,71 milliardar kroner i år 2008.



Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 710,1	100 %
Totalt til gevinst	2 495,8	67 %
Total netto omsetning	1 214,3	33 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett og mobiltelefon. Talet på kommisjonærar med terminalar er litt redusert gjennom 2008, frå 1 266 (1. jan) til 1 252 (31. des)<sup>21</sup>. Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner. Gjennom Norsk Rikstoto kan det også spelast på løp i andre land. Mellom anna blir det på V4 spelt på løp i Sverige.

Nær tre fjerdedelar av omsetninga, 73 %, gjekk gjennom kommisjonærane. Omsetning på baner utgjorde 7 %, medan Internett stod for 20 %. Også i 2007 utgjorde omsetninga over Internett om lag 20 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill kr	Prosent
Kommisjonær	2 699,7	72,8 %
Baner	266,0	7,2 %
Internett <sup>22</sup>	744,4	20,1 %
Total	3 710,1	100,0 %

<sup>21</sup> Talet gjeld kommisjonærar med terminalar.

<sup>22</sup> Inkl. 10,8 millionar i omsetning via mobiltelefon.

## Norsk Rikstoto

---

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 1 214 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	579,3	48 %
Avgift til staten	137,3	11 %
Til operatør (Rikstoto)	293,2	24 %
Til kommisjonær	204,5	17 %
Sum = netto omsetning	1 214,3	100 %

Til formåla gjekk det 579,3 millionar kroner eller 48 % av netto omsetning. I 2007 var prosenten til formål 50, som då utgjorde 526,2 millionar.

Fordeling til formål	Mill kr	
V75 og storløp-premiar		67,1
Transporttilskot		3,7
Norsk Hestesenter		21,0
Det Norske Travelskap		55,8
Norsk Jockeyklubb		18,2
Bidrag avskrivning finans		29,0
Provisjon driftsselskap (banene)		384,5
derav drift løpsbaner <sup>23</sup>	184,0	
derav premiar til hesteeigarar	200,5	
Totalt		579,3

### Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.


Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottek driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.



### Statsavgift

Avgift til staten (137 mill) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremerkning.

### Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 205 mill eller 17 % av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 23 %<sup>24</sup> av netto omsetning.

I snitt var det 1 259 kommisjonærar med terminalar i 2008.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill kr
RT sine inntekter frå hestespel	263,1
Andre inntekter	68,7
Samla kostnader	276,7
Årsresultat	55,1

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart 55,1 millionar kroner for 2008. Til samanlikning var det 30,4 millionar i 2007, 0,5 million i 2006 og 49,3 millionar i 2005.

<sup>24</sup> Utbetalt beløp til kommisjonærar / (total netto omsetning x prosent brutto omsetning gjennom kommisjonærleddet): 204,5 mill/(1214,3 mill x 72,8 %)

## 5. Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett.

Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela er dei same som om ein går til kommisjonær eller på løpsbaner.

Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

<b>Spel på nye plattformer - brutto omsetning (mill kr)</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>Endring frå 2007</b>	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	65,9	154,4	229,2	297,4	468,1	692,6	912,1	219,5	32 %
Norsk Rikstoto	110,6	212,8	303,0	424,3	480,1	615,9	744,4	128,5	21 %
tivoli.no	36,1	11,8	21,9	12,5	-	-	-	-	-
SMS.jackpot <sup>25</sup>	0,3	1,1	2,4	1,1	-	-	-	-	-
<b>Totalt</b>	<b>212,9</b>	<b>380,2</b>	<b>556,5</b>	<b>735,3</b>	<b>948,2</b>	<b>1 308,5</b>	<b>1 656,5</b>	<b>348,0</b>	<b>27 %</b>


I 2008 var brutto omsetning på norske pengespel over Internett og mobiltelefon totalt 1 657millionar kroner.

Veksten i omsetninga utgjorde totalt 27 % for spel på elektroniske plattformer. I 2007 var veksten 38 %.

<sup>25</sup> Internettspellet tivoli.no og SMS-lotteriet SMS.jackpot fekk ikkje fornya konsesjonane sine og opphørde frå 1. juli 2005.



## Digitale plattformer



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Respons Analyse AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2008<sup>26</sup> og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert estimat for omsetninga over Internett for 2008.

7,1 % av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 259 000 nordmenn over 18 år.

Lotteritilsynet bereknar kvart år kor mykje nordmenn totalt sett satsar på pengespel over Internett. For 2008 viser desse berekningane ei omsetning på 6,9 milliardar kroner. Når omsetninga hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto utgjør mellom 1,6 og 1,7 milliard kroner blir utrekna omsetning for utanlandske nettstader i overkant av 5 milliardar kroner.

Dette ser Lotteritilsynet meir som eit mål på stabilisert omsetning på utanlandske nettstader enn som mål på ein reduksjon. Norsk Tipping estimerer omsetninga på utanlandske nettstader til å være mellom 6 og 7 milliardar i 2008.<sup>27</sup>

<sup>26</sup> Kvartalsvise målingar gjort i 2008 (1 000 personar over 18 år vart spurde kvar gong).

<sup>27</sup> For 2007 estimerte vi ei omsetning på utanlandske nettstader på 6,3 mrd kroner, men til berekningane er det forholdsvis store feilmarginar. Sjå mellom anna årsmeldinga for 2008 frå Lotteri- og stiftelsestilsynet (side 26) og Norsk Tipping sin årsrapport side 7.

## 6. Bingo

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreningar mottok overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreningar sjølve står for drifta.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av tal på løyve i Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2008.

### Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 166 bingolokale per 31. desember 2008. Talet lokale i entreprenørbingo har auka med 38 sidan utgangen av 2007 då talet var 128. Talet på entreprenørar er 55 ved utgangen av 2008. Året før var talet 52 entreprenørar med bingodrift.

#### Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2008

Brutto omsetning *	
sidespel er inkludert	3 955 mill kr
Gevinst *	2 757 mill kr
Netto omsetning	1 199 mill kr
administrativ kostnad	885 mill kr
overskot til formåla	313 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	8 %
Formåla sin del av netto omsetning	26 %
Gevinstprosent	70 %

\*) *Brutto omsetning og gevinst er estimert for delar av omsetninga i elektroniske sidespel (sjå vedlegg).*

Entreprenørbingo omsette for 3,96 milliardar kroner i år 2008. Til lag og organisasjonar vart det overført 313 millionar kroner eller 8 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 70 % og formåla sin del av netto omsetning er 26 %.

Samanlikna med 2007 er total omsetning ein god del høgare i 2008. Brutto omsetning i 2007 var 2 629 millionar og netto omsetning var 856 mill.

Formåla har i 2008 fått 106 millionar meir enn året før. I 2007 utgjorde formåla sin del av netto omsetning 24 %.

### Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er dataspel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes «21» og «Mølle».

Sidespel per 31. desember 2008	Entreprenørar	Prosent
Bingoautomatar	49	89 %
Databingo	52	95 %
Papirsidespel	10	18 %
Ingen sidespel	0	-
Tal entreprenørar totalt	55	

## Bingo

49 entreprenører oppgir at dei har bingoautomatar og 52 oppgir at dei har databingo. 10 entreprenører har papirsidespel. Ein del har fleire typar sidespel.

Det er *ein* entreprenør som ikkje har elektroniske sidespel, men ingen som ikkje har sidespel i det heile.

Ved utgangen av 2008 stod det bingoautomatar i 135 bingoallar, noko som utgjør 81 prosent av hallane. Entreprenørane rapporterer om 154 hallar med databingo, og dette utgjør 93 prosent.

### Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2008

Tal i millionar kroner	Brutto oms.	Gevinst	Gevinst prosent	Netto oms.	Til formål	Pst. til formål av netto oms.
Hovudspel	1 019	687	67 %	331	53	16 %
Sidespel:						
- bingoautomatar	2 020*	1 364*	68 %	655	197	30 %
- databingo	915*	704*	77 %	211	63	30 %
- papirsidespel	2	1	54 %	1	0,3	30 %
Sidespel totalt	2 937	2 069	70 %	867	260	30 %
Totalt	3 955	2 757	70 %	1 199	313	26 %

\*) *Delvis estimat*

Når omsetninga har auka samanlikna med 2007 skuldast dette sterk auke i omsetninga på elektroniske sidespel. Hovudspel har hatt ein mindre auke.

Både bingoautomatar og databingo har hatt ein kraftig auke i omsetning samanlikna med året før. I 2007 var brutto omsetning hhv 1 160 og 491millionar. Tilsvarende tal for nettoomsetning var då hhv 387 og 130 millionar.

Ved utgangen av 2008 hadde 135 bingoallar utplassert til saman 2 106 bingoautomatar. Dette er ein stor auke frå året før då talet utplasserte bingoautomatar var 1 501.

Ved utgangen av 2008 hadde 154 bingoallar samla utplassert 4 245 databingoterminalar. Dette talet har også auka gjennom året. Entreprenørane rapporterte at dei samla hadde 3 604 terminalar ved inngangen til 2008.

70 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 77 prosent. Gevinstprosentane har stort sett auka noko samanlikna med 2007 då samla gevinstprosent var 67 %. Det er først og fremst auken for databingo som bidreg til dette. Auken for netto omsetning har dermed ikkje vore fullt så stor som for brutto omsetning.


Lag og foreiningar fekk totalt 313 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. 83 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og mest frå bingoautomatar.

Bingoentreprenørane rapporterer at dei samla har spelt for 2 260 lag og foreiningar i år 2008. Dette er ein auke med 171 lag samanlikna med 2007 då talet var 2 089 lag.

### Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill kr	Prosent
Idrett	160	51 %
Helse	34	11 %
Musikk/kultur/fritid	58	19 %
Humanitær	39	12 %
Diverse	22	7 %
Totalt	313	100 %

## Bingo



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 160 mill. Blant andre kategoriar er det foreningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 58 millionar.

### Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av tal i Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2008 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Om lag 570 lag og foreningar inngår i oppstillinga under. 88 av desse er radiobingo og 3 er TV-bingo.

#### **Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2008**

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	230 mill kr
Gevinst	140 mill kr
Netto omsetning	90 mill kr
administrativ kostnad	30 mill kr
overskot til formåla	60 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	26 %
Formåla sin del av netto omsetning	67 %
Gevinstprosent	61 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 230 mill i brutto omsetning, med eit overskot på 60 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til nærare 85 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere i overkant av ein tredjedel av omsetninga for bingo utan entreprenør.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på mellom 30 og 35 millionar kroner.

## 7. Andre lotteri

I tillegg til automatspel og bingo har vi for 2008 registrert i overkant av 2 760 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

### Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei aller fleste er landsdekkjande. For 2008 har vi fått innrapportert 60 lotteri. I 2007 var talet 52.

#### Landslotteri - nøkkeltal år 2008

Loddsal	396 mill kr
Gevinstkostnad	74 mill kr
Netto omsetning	322 mill kr
administrative kostnader	214 mill kr
overskot til formåla	109 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	27 %
Formåla sin del av netto omsetning	34 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	19 %

Landslotteria omsette for 396 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2008 var 74 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte. Administrative kostnader utgjorde 214 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 109 millionar. Dette utgjorde 27 % av brutto – og 34 % av netto omsetning.

Loddsalet er på litt lågare nivå enn i 2007. Då utgjorde loddsalet 415 millionar<sup>28</sup>. I 2007 vart overskotet til organisasjonane 92 millionar kroner.

Berre 4 av lotteria som er selde i 2008 er etterhandstrekte, og i omsetning utgjør dei samla 1,1 million kroner. Dei blir ikkje presentert særskilt i denne gjennomgangen.

<sup>28</sup> Saman med andre inntekter (i alt 7 mill) kom dei totale inntektene opp i 422 millionar i 2007. I tidlegare år har det i einsskilde rekneskap kome fram andre inntekter enn loddsal som har vore medrekna på inntektssida i rekneskapane. I denne statistikken er ikkje desse vist særskilt, men blir evt. rekna inn som reduksjon på kostnadssida.

## Andre lotteri

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

### Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>29</sup>	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	56,5	37,9	14 %	35 %	67 %
Helse	213,8	39,8	54 %	37 %	19 %
Musikk, kultur og fritid	7,2	5,7	2 %	5 %	78 %
Humanitær	66,3	13,5	17 %	12 %	20 %
Diverse	52,1	11,6	13 %	11 %	22 %
Totalt	395,9	108,5	100 %	100 %	27 %

Helseorganisasjonar har som tidlegare år størst omsetning, og i 2008 54 % av heile marknaden. Dei hadde noko mindre del av samla overskot (37 %). Prosentvis del til formål av brutto omsetning er totalt sett lågast for kategoriene Helse (19 %), Humanitær (20 %) og Diverse (22 %).

For kvart lodd som vart selt var det organisasjonane innan Idrett samt Musikk, kultur og fritid som fekk mest i overskot (67 % og 78 %).

### Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	50,0	12,1	37,9	24 %	76 %
Helse	170,0	130,2	39,8	77 %	23 %
Musikk, kultur og fritid	6,3	0,6	5,7	10 %	90 %
Humanitær	50,9	37,4	13,5	73 %	27 %
Diverse	45,0	33,4	11,6	74 %	26 %
Totalt	322,3	213,8	108,5	66 %	34 %

Administrative kostnader utgjorde 214 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, kommisjonærar etc, men ikkje gevinstkostnader.

For einskilde lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. I tre rekneskap har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 2,5 millionar kroner.

Einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre del kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddosal ved at medlemmer sjølv sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

## Andre lotteri


### Førehandstrekte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

56 førehandstrekte landslotteri omsette totalt for 395 millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 918 millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

- |  |            |
|--|------------|
| • De 10 Humanitære (Yezz!) <sup>30</sup>     | 58 mill kr |
| • Landsforeningen for hjerte- og lungesyke / | 44 mill kr |
| • Landsforeningen Mot Stoffmisbruk           | 28 mill kr |
| • Norges Håndballforbund                     | 27 mill kr |
| • Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet    | 20 mill kr |



I 2008 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 312 millionar kroner. Dette utgjør ein auke med 31 millionar frå 2007 då omsetninga var 1 281 millionar. Det er Norsk Tipping sitt Flaxlodd som står for denne auken. Landslotteri har isolert sett hatt ein reduksjon i omsetninga.

Samanlikna med 2007 har Flax litt høgare marknadsdel i 2008. 68 % i 2007 og 70 % i 2008.

10 H sitt lotteri (Yezz!) inngår i kategoriane for helseorganisasjonar og humanitære organisasjonar. 10 H sin marknadsdel her er 4 % i 2008.

Norges Røde Kors sitt pantelotteri er også med i statistikken for landslotteri. Dette lotteriet tok til frå april 2008, men det var først i slutten av august at utplasseringa, eller ombygginga, av panteautomatar tok til for fullt. Ved utgangen av 2008 var det utplassert om lag 500 panteautomatar. Desse stod då i to daglegvarekjedar, ICA og Rema 1000. Omsetninga det første året utgjorde i underkant av tre millionar kroner. Lotteriet vil bli presentert nærare i statistikken for 2009.

<sup>30</sup> Totalt for 9 speleomgonger med Yezz!

## Andre lotteri

---

### Lokale/regionale lotteri

Til saman kom det i Lotteriregisteret om lag 2 700 lokale og regionale lotteri i år 2008.

I overkant av 2 600 er såkalla meldingslotteri og i tillegg har 100 lotteri fått løyve<sup>31</sup>.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

### Berekning for lokale/regionale lotteri

#### **Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2008**

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	110 mill kr
<u>Gevinstkostnad</u>	<u>20 mill kr</u>
Netto omsetning	90 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	80 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	73 %
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	89 %
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>18 %</u>

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

---

<sup>31</sup> Arrangør av lotteri med omsetning under 150 000 per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning 150 000 eller meir treng løyve frå Lotteritilsynet.



## 8. English summary

In 2008, the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 19.0 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 11.1 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 7.9 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.


The turnover is reduced from 27.4 billion in 2007. The main cause for the reduction in turnover was the implementation of a ban on gaming machines that came into effect on the 1. July 2007.

### Key figures on the gaming market in Norway

Year 2008	Million			
	NOK	EUR <sup>32</sup>		
Gross turnover (total wagered)	18,980	2,309		
Prizes	11,101	1,351		
Net turnover (expenditure/loss)	7,879	959		
			Expenditure	
Year 2008	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>33</sup>	3,981	484	1,652	201
Per capita, 15 years and older	4,919	598	2,042	248
Per household <sup>34</sup>	8,757	1,065	3,635	442
Percentage of disposable income <sup>35</sup>	1.93 %		0.80 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 3,981 in 2008.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 1,652. This amounts to 0.80 % of the disposable income per household.



<sup>32</sup> Average rate of exchange 2008 as determined by Norges Bank: 8,2194.

<sup>33</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>34</sup> The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway – Statistical year book)


<sup>35</sup> Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 982 135 million.

## English summary

Norwegians spent the largest amount on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately 9.6 billion NOK, and nearly 1 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent 3.7 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of nearly 4.2 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at nearly 4 billion. Also included here are side games (electronic<sup>36</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately 0.23 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at 0.4 billion. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 110 million.



## 9. Vedlegg

### **Om datainnsamlinga**

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskapsopplysningar for 2008. I tillegg er tidlegare års statistikkar nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

### **Kategorisering av formål**

Bingoentreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

#### **Idrett/sport**

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

#### **Helse**

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

#### **Musikk / kultur / fritidsorganisasjonar**

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

#### **Humanitær verksemd**

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

#### **Diverse organisasjonar**

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

## Vedlegg

---

### **Berekening for bingo med entreprenør**

Bingoautomatar: 13 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort med samla gevinstprosent for dei andre 36: 68 %.

Databingo: 1 entreprenør har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst: Estimat er gjort med samla gevinstprosent for dei andre 51: 77 %.

### **Berekening for bingo utan entreprenør**

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2008 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	925 000 <sup>37</sup>	299 000 <sup>38</sup>		
Samla gevinstprosent <sup>39</sup>	50 %	70 %		
Overskot av brutto omsetning <sup>40</sup>	40 %	15 %		
Tal løyve i Lotteriregisteret	91	481		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	84 mill	144 mill	228 mill	230 mill
Estimert gevinst	42 mill	101 mill	143 mill	140 mill
Estimert netto omsetning	42 mill	43 mill	85 mill	90 mill
Estimert overskot til formåla	34 mill	22 mill	55 mill	60 mill
Estimert brutto omsetning år 2008*	230 mill			
-	Gevinst *	140 mill		
=	Netto omsetning	90 mill		
administrativ kostnad	30 mill			
overskot *	60 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	26 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	67 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	61 %			

\*) runda til næraste 10 mill

---

<sup>37</sup> Snittberekening for 85 rekneskap (2008) kr 924 556,-

<sup>38</sup> Snittberekening for 117 rekneskap (2008) kr 298 865,-

<sup>39</sup> og <sup>40</sup> Avrunda gevinstprosent og prosent til formål, basert på 2007 tal og 2008-rekneskap der dette er rapportert.

### Landslotteri 2008 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

<b>Idrett</b>	Det frivillige skyttervesen Norges Badmintonforbund Norges Bordtennisforbund Norges Fotballforbund Norges Fotballforbund Norges Håndballforbund Norges Skiforbund
<b>Helse</b>	Blå Kors Norge Foreningen for hjertesyke barn Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforbundet Mot Stoffmisbruk Landsforeningen for Amputerte Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen for slagrammede Landsforeningen for trafikkskadde Landsforeningen uventet barnedød Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norges Diabetesforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Stiftelsen Sofienlund 5 av 8 organisasjonar i 10H <sup>41</sup>
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	Norges Musikkorps Forbund Norske 4H
<b>Humanitær</b>	Adopsjonsforum Fadderbarnas framtid Flyktninghjelpen Norsk Folkehjelp Norges Røde Kors (pantelotteriet) Redningsselskapet Redningsselskapet 3 av 8 organisasjonar i 10H <sup>42</sup>
<b>Diverse</b>	Det Norske Arbeiderpartiet Det Norske Misjonsselskap Det Norske Totalavholdsselskap Elevringen bibelskolen Bildøy Bergen Fjellhaug elevlag Framtiden i våre hender Kristelig Folkeparti Motorførernes Avholdsforbund Norea Mediemisjon Noregs Mållag Norges Kvinne og Familieforbund Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

---

<sup>41</sup> Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund.

<sup>42</sup> Flyktninghjelpen, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.

## Vedlegg

---

### Berekening for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av berekningar gjort frå opplysningar i Lotteriregisteret og rapporteringar for 2008 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	31 000 <sup>43</sup>	298 000 <sup>44</sup>		
Samla gevinstprosent (kostnad)	10 % <sup>45</sup>	33 %		
Overskot av brutto omsetning	76 %	55 %		
Tal meldingar/ løyve frå Lotteriregisteret	2 606	100		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	82 mill	30 mill	112 mill	110 mill
Estimert gevinst	8 mill	10 mill	18 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	74 mill	20 mill	94 mill	90 mill
Estimert overskot til formåla	62 mill	16 mill	79 mill	80 mill
	Estimert brutto omsetning år 2008*	110 mill		
-	Gevinst *	20 mill		
=	Netto omsetning	90 mill		
administrativ kostnad	10 mill			
overskot *	80 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	73 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	89 %			
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>18 %</u>			

\*) runda til næraste 10 mill

---

<sup>43</sup> Gjennomsnittleg omsetning i 1 693 rekneskap registrert i Lotteriregisteret for 2008 (kr 31 400).

<sup>44</sup> Snittberekning av 40 rekneskap for 2008 (kr 297 730).

<sup>45</sup> Gevinstkostnad er ikkje registrert i Lotteriregisteret for 2008, brukar same prosent som i 2006 (10 %).





Lotteri- og stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde  
Tlf. 57 82 80 00